FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Torunn G. Hønsi
Telefon: 57 64 31 43
E-post: torunn.honsi@fylkesmannen.no

Vår dato
08.07.11

Vår referanse
2011/2770
Rapportnummer

Sunnfjord Bil AS
Holtemyrane 10
6800 FØRDE

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: **Sunnfjord Bil AS**	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): **971686510** Eigd av (foretaksnr.): **979932626**
Stad og kommune: **Holtemyrane, Førde kommune**	Kontrolldato: **31.05.11**
Postadresse: **Holtemyrane 10, 6800 Førde**	Anleggsnr. (internt nr.): **1432.0003.02**
	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: **Torbjørn Strømsli**	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: **Torunn G. Hønsi og Bjarne Nes**

Desse hovudtema vart kontrollert:

- ☒ Internkontroll (ytre miljø)
- ☒ Miljørisikovurdering
- ☒ Utslepp til luft eller vatn
- ☒ Støy
- ☒ Løyvet med vilkår
- ☒ Forskriftskrav
- ☒ Miljøsanering av kasserte køyretøy
- ☒ Forsøpling og ureining til omgjevnader
- ☒ Fast dekke og oljeavskillar
- ☐ Avfallshandtering ordinært avfall
- ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)
- ☐ Handtering og bruk av kjemikaliar
- ☐ Datablad

Bakgrunn for kontrollen:

- ☒ Kontrollaksjon

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **2** avvik, og ingen merknader under tilsynet. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen vedtek med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 4400,-** for kontrollen. Innbetalingsblankett vert sendt frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) etter klagefristen har gått ut. De har frist til **20.08.11**, for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Vi takkar elles for ei grei gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Gunn Helen Henne
overingeniør

Torunn G. Hønsi
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Sunnfjord Bil AS, den 31.05.11**.

Kontrollen vart gjennomført som ein lekk i ein landsdekkande kontrollaksjon retta mot biloppsamlingsbransjen. Vi intervjua sentralt plasserte personar i organisasjonen og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt, innanfor dei tema som kontrollaksjonen omhandla. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevnaden. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte eller planlagde tiltaka innan 20.08.11. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, t.d. bilete, kopi av deklarasjonsskjema, kopi av rutinar for handtering av farleg avfall, prøvetaking o.a.

Viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast.

2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeavskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillat.

3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøloverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert muntleg om gebyret under tilsynet og skriftleg i varselbrevet frå Klif som vart sendt bransjeorganisasjonane i forkant av aksjonen.

Fylkesmannen vedtek med dette at Sunnfjord Bil AS skal betale eit gebyr på kr. 4400,- (sats 4) for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Kopi av kontrollrapporten vert sendt Førde kommune til orientering.

Avvik Biloppsamlingsaksjon 2011

Avviksformuleringar av funn ved Sunnfjord Bil AS den 31.05.11

(nummer på avvik i underpunkt viser til interne rapporteringsnr. vi brukar ovanfor Klif, for å lettare kunne samanfatte resultat for heile landet):

Avvik 1: Verksemda si kontroll med oljeutskiljar er mangelfull

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, internkontrollforskrifta § 5, 2.ledd punkt 6 (tiltak for å redusere risiko), Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrot), løyvet datert 17.06.2004 med endringar av 30.11.2006 punkt 1.3 (funksjonskrav til oljeutskiljar)

Avvik nr.

4B) og 4C) Rutinar for drift og utsleppskontroll av oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Verksemda har ikkje teke prøvar av det reinsa avløpsvatnet som renn ut av oljeutskiljaren for å kontrollere at den verkar som føresett. Tekniske krav til oljeutskiljarar har i nyare biloppsamlarløyve enn det Sunnfjord Bil AS har, blitt satt til 50 mg/l. Dette er det same kravet som er satt til oljehaldig avløpsvatn som kan sleppast på kommunalt nett, regulert av § 15-7 i ureiningsforskrifta kapittel 15 om utslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Det er ikkje installert alarm som gjev beskjed når oljelaget har blitt for tjukt, og det er ikkje etablert rutinar for peiling av oljelaget for å ha ein manuell kontroll med dette. Oljeutskiljar har tidlegare vore tømd 1 gong pr. år, men vart ikkje tømd i 2010.

Sjølv om avløpsvatnet frå oljeutskiljarane ved Sunnfjord Bil AS går til kommunalt nett, pliktar verksemda å ha kontroll med at reinsinga av avløpsvatnet fungerer som føresett.

Dersom verksemda gjennomfører planane om utviding av område med fast dekke, må det vurderast på nytt om oljeutskiljarane har rett dimensjonering og om dei kan bli overbelasta ved store nedbørsmengder.

Avvik 2: Verksemda sin internkontroll og miljørisikovurdering har manglar

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6 (vurdere risiko) og punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrot).

Avvik nr.

6A) Det er ikkje etablert et skriftleg avvikshandteringssystem for ytre miljø
Verksemda har i dag eit skriftleg internkontrollsystem som er fordelt på 2 permar som er vanskeleg å orientere seg i og som de sjølve seier ikkje fungerar godt nok. De vil kjøpe Buskvalitet eit digitalt internkontrollsystem der ein kan leggje inn varsling på fristar og liknande.

Avvikssystemet må òg innehalde forhold som kan påverke ytre miljø, t.d sprekkar i fast dekke, for mykje olje i avløpsvatnet, uhell med utslepp av farleg avfall, lekkasje frå bilar utanom fast dekke, forsøpling, overskriding av tal lagra bilar som verksemda har løyve til å oppbevare etc.

På tilsynsdagen var det store mengder bilvrak inne på verksemda sitt område, både pressa og upressa bilar, både på og utanom fast dekke. Verksemda må vurdere kor mykje bilar dei bør ha ståande til ei kvar tid for sjølvplukk av delar, i forhold til den ureiningsfaren dei medfører. Løyvekravet på maks 1000 bilar lagra samstundes skal imøtekomast til ei kvar tid.

7A) Det er ikkje utarbeida ein skriftleg miljørisikoanalyse for biloppsamlingsplassen
Hjelp 24 har gjort ei risikovurdering av aktivitetar hjå verksemda som kan medføre fare for helse og tryggleik. Men forhold som kan medføre fare for ureining av ytre miljø og brot på reguleringar i lovverk eller løyvet er ikkje risikovurdert. Forhold som bør vurderast er t.d. om verksemda har store nok flater med fast dekke, om oljeutskiljar verkar som føresett, om transport av bilar mellom tappestasjonen og pressa kan medføre fare for ureining av grunn, om lagring og handtering av farleg avfall er god nok.

Andre forhold:

Bilar vert plassert både på verksemda sin grunn utanfor låst port og langs kommunal veg utanom opningstid.

Verksemda viser til at det ved fleire høve har kome inn bilar som delvis står på deira grunn og delvis langs kommunal veg der eigaren til bilvraket er ukjent. Verksemda brukar tid og ressursar på å finne eigar eller for å sjekke ut chassis nr, dessutan tek bilane opp plass og skjemmer ut innkjørsla til verksemda. Bilane medfører også ei fare for ureining. På tilsynsdagen sto det ein gamal lastebil inne på verksemda sin grunn utanfor porten, og 3-4 vrak langs offentleg veg.

Verksemda etterspør kven som har ansvar for desse herrelause bilane. Fylkesmannen viser til ureiningslova § 28, forbodet om forsøpling. Det er kommunen som er gitt myndigheit i ureiningslova § 37 til å pålegge opprydding, fjerning eller dekke utgifter til opprydding av fråsette kasserte motorkjørety. Dersom pålegg om fjerning ikkje vert gjennomført eller eigaren og den ansvarlege ikkje kan identifiserast, kan kommunen sørgje for iverksetjing av tiltaka etter ureiningslova § 74. Kommunen kan gjere vedtak om at vrakpanten vert kverrsatt for å dekke utgifter til miljøsanering/transport etter ureiningslova § 76.